



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 30 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å redusere løyvingane med om lag 1,2 mrd. kroner. Reduksjonen gjeld i hovudsak hovudsak 1,025 mrd. kroner i lågare utgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117) i år. Det er òg reduserte utgifter til drift under Utanriksdepartementet, til FN's fredsbevarande operasjonar og til EFTA-sekretariatet. Gebyrinntektene under programområde 02 er reduserte fordi det er færre utlendingssaker under pandemien.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* blir det gjort framlegg om visse endringar. Det er m.a. mindrebehov på departementet sitt driftsbudsjett og hos Norsk senter for utvekslings-samarbeid, Norec, og deira utvekslingsordningar. Det er òg mindre endringar i kontingentane for Noregs pliktige bidrag til internasjonale organisasjonar. Det blir gjort framlegg om å omdisponere nokre av dei ledige midlane m.a. til FN's organisasjon for palestinske flyktningar (UNRWA), FN's fredsbyggingsfond og auka flyktningutgifter.

Vidare vart det i Utanriksdepartementets budsjettproposisjon for 2021 gjort greie for at delar av støtta til vaksinekoalisjonen CEPI kunne falle utanfor formålet til offisiell utviklingsbistand (ODA). Ramma blei difor fastsett 200 mill. kroner høgare enn 1 pst. av anslaget for BNI for 2021. Det er no gjort framlegg i OECDs utviklingskomité

(DAC), om at 88 pst. av støtta til CEPI sitt arbeid for forskning og utvikling av covid-19-vaksinar, skal kunne rapporterast som ODA. Det inneber at 176 mill. kroner av dei 200 mill. kronene vil kunne rapporterast som ODA, og regjeringa gjer derfor framlegg om at denne delen dekkast innanfor bistandsramma. Auken i ODA-andel blir dekt innafor bistandsramma av eit lågare behov på departementet sitt driftsbudsjett og reduserte løyvingar til stabilisering av land i krise og konflikt.

Utover bistandsramma for 2021 blir det gjort framlegg om å auke løyvinga til den globale koalisjonen ACT-A med 2 mrd. kroner, jf. omtale under kap. 160, post 70 *Helse*. Forslaget aukar ramma tilsvarende til det internasjonale arbeidet med å slå ned pandemien. Samla framlegg om auke utover gjeldande bistandsramme blir derfor 1,824 mrd. kroner.

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har Utanriksdepartementet hatt lågare utgifter til reiser, møter og representasjon i år enn tidlegare budsjettet. I til-

legg har krona styrka seg mot dei fleste utanlandske valutaene, noko som har medført at utanriksstasjonane sine driftsutgifter er lågare enn budsjetterte.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 130 mill. kroner.

Post 90 Lån til norske borgarar i utlandet

Våren 2020 transporterte Noreg, i samarbeid med andre europeiske land, nordmenn heim frå utlandet pga. pandemien. Der det ikkje var grunnlag for kommersielle flyruter blei det sett opp særskilde fly. Utanriksdepartementet fekk i februar 2021 ei rekning på 1,3 mill. kroner frå Tyskland for transport av norske passasjerar. Løyvinga blir difor foreslått auka med 1,3 mill. kroner for å dekke desse utgiftene. Det blir òg vist til forslag under kap. 3100, post 90 *Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet* om ein tilsvarende auke på inntektsposten for tilbakebetaling av flybillettane for dei norske passasjerane.

I tillegg har omfanget av naudlån auka som følgje av krisa i Afghanistan. Løyvinga på posten blir foreslått auka med 0,1 mill. kroner til dette.

Det blir samla gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 1,4 mill. kroner.

Kap. 103 Regjeringas representasjon

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har det vore færre offisielle besøk til Noreg og færre arrangement i regi av regjeringa enn normalt i 2021.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har det vore færre kongelege reiser og besøk til utlandet i 2021 enn vanleg.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Kap. 116 Internasjonale organisasjonar

Post 70 Pliktige bidrag

Pliktige bidrag til internasjonale organisasjonar vart mindre enn budsjettert i 2021. Dette skuldast

i hovudsak at covid-19-pandemien førte til lågare aktivitet for FN sine fredsbevarande operasjonar, og at bidraget til EFTA-sekretariatet vart lågare grunna valutaendringar. Det er òg andre mindre endringar i kontingentane som først og fremst skuldast valutasvingingar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 60 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Nye prognosar frå sekretariatet for EØS-finansieringsordningane i Brussel, Financial Mechanism Office (FMO), viser lågare utgifter i år enn tidlegare budsjettert. Dette skuldast forseinking i gjennomføringa og oppstart av program under finansieringsordningane gjennom året. Covid-19 har forseinka og utsett arbeidet med mange prosjekt. Ein stor del av mindreforbruket skuldast i tillegg at det ikkje blir gjennomført program i Ungarn denne perioden. Ei styrka norsk krone mot euro har òg ført til lågare utgifter.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1 025 mill. kroner, fordelt med:

- 430 mill. kroner på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021*
- 595 mill. kroner på post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021*

Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar

Post 74 Forsking, dialog og menneskerettar m.m.

Det er tildelt færre midlar enn budsjettert frå tilskotsordninga for informasjon om europeisk og nordisk samarbeid. Det er òg eit mindreforbruk til Oslo Freedom Forum og den norske Helsingforskomité som følgje av covid-19.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 3100 Utanriksdepartementet

Post 02 Gebyrer for utlendingssaker ved utanriksstasjonane

UDI sine prognosar for antal visumsøknader ved utanriksstasjonane er lågare enn tidlegare budsjettert. Mange land vil ha reiserestriksjonar i lengre tid framover grunna covid-19-pandemien. Bud-

sjettforslaget er usikkert grunna pandemien og fordi visumgebyret er fastsett i euro.

Det blir gjort framlegg om å redusera løyvinga med 11,8 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet

Våren 2020 vart det sett opp egne fly i samarbeid med andre europeiske land for å transportere europeiske borgarar heim pga. pandemien. Utanriksdepartementet fekk i februar 2021 ei rekning frå Tyskland for dei norske passasjerane, jf. omtale under kap. 100, post 90 *Lån til norske borgarar i utlandet*. Dei norske passasjerane har fått faktura for sine billetter og tilbakebetalinga skal først på denne posten.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 1,3 mill. kroner.

Kap. 140 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har Utanriksdepartementet hatt lågare utgifter til reiser, møter og representasjon i år enn budsjettet. I tillegg har krona styrka seg mot dei fleste utanlandske valutaene, noko som har medført at driftsutgiftene ved utanriksstasjonane er mindre enn budsjettet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 160 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Som følge av pandemien har Utanriksdepartementet og Norad hatt lågare utgifter på grunn av m.a. utsette og avlyste konferansar og arrangement. Det har òg vore mindre aktivitet enn planlagt i sekretariatet til Havpanelet, og forseinkingar i oppdragsforskning.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 26,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Grunna covid-19-pandemien er fleire planlagde prosjekt og investeringar utsette. Årets aktivitetar kan dekkjast av overført løyving frå tidlegare år. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

Kap. 144 Norsk senter for utvekslingsamarbeid (Norec)

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har Norec hatt lågare utgifter til reiser enn budsjettet. Norec har òg hatt lågare utgifter enn budsjettet i samband med flyttinga til eit nytt, permanent bygg i Førde.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 70 Utvekslingsordningar, kan overførast

Covid-19 har medført redusert utvekslingsaktivitet og det har vore utfordringar med å utnytte heile tildelinga, spesielt når det gjeld reiseverksemd.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 9,2 mill. kroner.

Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

Post 72 Stabilisering av land i krise og konflikt, kan overførast

Noregs bidrag til vaksinekoalisjonen CEPI sin koronainnsats, har fått auka ODA-andelen. For å dekkje inn auken innafor gjeldande bistandsramme, jf. omtale innleiingsvis, blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner.

Post 73 FN og globale utfordringar, kan overførast

FN sitt fredsbyggingsfond er eit hovudverktøy i FN for stabilisering og langsiktig fredsbygging. Fondet er betydeleg underfinansiert som følge av stadig aukande konfliktnivå i mange sårbare statar. Regjeringa foreslår å auke Noregs bidrag til fondet med 30 mill. kroner i 2021. Dette vil medverke til å møte fondet sitt akutte behov i inneverande år. Det vil òg bidra til å oppfylle avtalen med fondet om å støtte dei med 500 mill. kroner over fem år, til fondet sin strategiske plan for perioden 2020–2024.

Ved å følgje opp lovnaden om høg, årleg støtte til fondet, sikrar Noreg sin legitimitet som fredsbyggingsaktør.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast

Det er mindre endringar i kontingentane for 2021, i hovudsak grunna endra valutakurs. Dette gjeld mellom anna FN's miljøprogram (UNEP).

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 159 Regionløyvingar

Post 70 Midtausten og Nord-Afrika, kan overførast

FN's hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar (UNRWA) har òg i 2021 eit kritisk behov for finansiering av kjernebudsjettet. Det gjeld sjølv om at USA er tilbake som givar til organisasjonen.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 33,9 mill. kroner.

Kap. 160 Helse

Post 70 Helse, kan overførast

Det viktigaste internasjonale samarbeidet for å handtere covid-19-pandemien globalt er Access to Covid-19 Tools Accelerator (ACT-A). ACT-A fremjar likeverdig tilgang til covid-19-vaksinar, -diagnostikk og -behandling, og investerer i nasjonale helsesystem. COVAX-samarbeidet er vaksinepilaren av ACT-A som skal sikre global tilgang til covid-19-vaksinar. Dei andre pilarane i ACT-A er medisinar, testutstyr og ein pilar som skal styrke landa sine helsesystem.

Noreg leiar arbeidet med ACT-A saman med Sør-Afrika. Samarbeidet i ACT-A er forlenga til september 2022, og det er igangsett ein ny runde med internasjonal ressursmobilisering for å finansiere vidareføringa. Regjeringa gjer derfor fram-

legg om å auke løyvinga med 2 mrd. kroner til ACT-Accelerator sine partnerar. Partnerane er i hovudsak vaksinealliansen Gavi, vaksinekoalisjonen CEPI, Det globale fondet for kampen mot aids, tuberkulose og malaria, legemiddelordninga Unitaid, og Verdas helseorganisasjon (WHO). Auken til ACT-A vil bidra til betre vaksinedekning, testkapasitet, behandlingar og verneutstyr for helsepersonell globalt. Det vil bidra til færre dødsfall, virusmutasjonar, og redusere dei sosioøkonomiske konsekvensane.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2 000 mill. kroner. Dette kjem i tillegg til den ordinære bistandsramma for 2021.

Kap. 170 Sivilt samfunn

Post 70 Sivilt samfunn, kan overførast

TV-aksjonen for 2021 gjekk til organisasjonen Plan sitt arbeid mot barneekteskap, og vart halde 24. oktober. For å bidra med ei gåve til aksjonen på same nivå som i fjor blir det gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner.

Kap. 179 Flyktningiltak i Noreg

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Nye overslag frå Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Barne- og familiedepartementet tilseier at løyvinga må aukast med 15,4 mill. kroner. Det blir i denne samanhengen vist til nærmare omtale i dei respektive departementa sine budsjettproposisjonar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 15,4 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 2 467 130 000 til kr 2 337 130 000	130 000 000
	90	Lån til norske borgarar i utlandet, vert auka med..... frå kr 360 000 til kr 1 760 000	1 400 000
103		Regjeringas representasjon	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 67 307 000 til kr 65 307 000	2 000 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 10 331 000 til kr 4 331 000	6 000 000
116		Internasjonale organisasjonar	
	70	Pliktige bidrag, vert redusert med..... frå kr 1 338 050 000 til kr 1 278 050 000	60 000 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	430 000 000
		frå kr 2 536 000 000 til kr 2 106 000 000	
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	595 000 000
		frå kr 2 158 000 000 til kr 1 563 000 000	
118		Utanrikspolitiske satsingar	
	74	Forskning, dialog og menneskerettar m.m., vert redusert med..... frå kr 54 050 000 til kr 52 050 000	2 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
140		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 1 722 241 000 til kr 1 562 241 000	160 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 140 461 000 til kr 114 370 000	26 091 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 17 570 000 til kr 2 570 000	15 000 000
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 55 539 000 til kr 53 539 000	2 000 000
	70	Utvekslingsordningar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 80 477 000 til kr 71 277 000	9 200 000
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid	
	72	Stabilisering av land i krise og konflikt, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 864 829 000 til kr 814 829 000	50 000 000
	73	FN og globale utfordringar, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 225 738 000 til kr 255 738 000	30 000 000
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 324 690 000 til kr 321 690 000	3 000 000
159		Regionløyvingar	
	70	Midtausten og Nord-Afrika, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 589 011 000 til kr 622 946 000	33 935 000
160		Helse	
	70	Helse, <i>kan overførast</i> , vert auka med..... frå kr 3 661 186 000 til kr 5 661 186 000	2 000 000 000
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 2 028 471 000 til kr 2 038 471 000	10 000 000
179		Flyktningiltak i Noreg	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 458 083 000 til kr 473 439 000	15 356 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet	
	02	Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane, vert redusert med..... frå kr 109 400 000 til kr 97 600 000	11 800 000
	90	Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet, vert auka med..... frå kr 318 000 til kr 1 618 000	1 300 000
